

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 29.04.2010

### SAKLISTE

- 8/10 SKRIV OG MELDINGAR
- 9/10 AUKA TIMETAL OG TILBOD OM LEKSEHJELP FRÅ 01.08.10 - ORGANISERING
- 10/10 LEIGEKONTRAKT MELLOM GULEN KOMMUNE OG HAVELAND BARNEHAGE
- 11/10 FELLES UNGDOMSSKULE - LOKALISERING OG VIDARE PROSESS
- 12/10 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VARSEKTOREN/ANDRE GEBYRINNTEKTER
- 13/10 PROSJEKTRKNESKAPAR - POLITISK HANDSAMING
- 14/10 ÅRSMELDING 2009 FRÅ KONTROLLUTVALET I GULEN

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 13.00.  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen og på internett:  
[www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik  
Ordfører

## Mottek du post med feil vegadresse?

Dette skuldast nok mest sannsynleg at du ligg feil registrert i folkeregisteret.

Som regel er dette fordi du tidlegare ikkje har sendt flyttemelding ved flytting frå eit gammalt gnr/bnr til det nye der du bur no. Du vil difor få ei adresse til ein bygning der du eller andre i familien har budd før.

Dette er ikkje blitt oppdaga før kommunen i vinter gjekk over frå matrikeladresser (gnr/bnr) til vegadresser (vegnamn + husnr).

Dersom du har feil adresse på posten din, gje melding om dette til Gulen kommune v/ Rune Midtun, eller send flyttemelding til folkeregisteret på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) => flytting og navn.

## Ny flytting frå no av og utover, skal alltid meldast direkte til folkeregisteret! Sjå [skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no).

Hugs at det òg skal sendast flyttemelding ved flytting frå ei buening til ei anna i samme huset!

## Dersom nokon enno ikkje har fått tildelt vegadresse, gje beskjed til kommunen snarast.

Har du forresten hugsa å hente skiltet ditt?

## Feirar fastlandsforbindelsen for Ytre Gulen med gratis tomt og barnehageplass!

Øyane Byrknes, Mjømna og Sandøy vil bli svært attraktive som buområde når brua over Brandangersundet kjem på plass til hausten.



For å markere dette, vil Gulen kommune tilby gratis tomt til den første familien som vil bygge seg hus i det kommunale byggefeltet Gåta, på Byrknes.

Ytre Gulen Sanitetslag vil gje gratis SFO- eller barnehageplass i eitt år for ein familie (gjeld for eitt barn).

Fristen for å søke er 1. august 2010. Tildelinga skjer etter søknad som stettar dei krava som vert stilte. Offentleggjering av kven som "vinn" vert på brufesten, truleg første veka i november.

Så du som har byggeplanar, sjå mot vest, la deg freiste av flott natur, godt bygdemiljø og korte avstandar. Ta familieråd og søk på tomt på Byrknes! Du finn kart over Gåta byggefelt (og alle andre kommunale byggefelt) i Gulen kommune på heimesida vår.

### Nærare reglar:

- Det skal vere reell nyttilflytting til Gulen.
- Dersom bygging ikkje er starta innan 2 år, fell tilbodet bort.
- Gratis tomt inkluderer tomt + m<sup>2</sup>-pris. Ikkje tilknytingsavgifter.
- Ein får kommunal etableringsstøtte på kr 40 000,-.
- Viss ein flyttar frå bustaden før det har gått 5 år, må ein betale for tomte.
- Den som får tilslaget på eitt år gratis SFO- eller barnehagetilbod, må bestemme seg innan ein månad etter tilslaget på om ein vil ta i mot.

Saniteten vil hjelpe til med å skaffe førebels bustad for dei som vil busette seg.

## Status for kommunedelplan Steine Sløvåg Skipavika

Ordførar Trude Brosvik opna fyrste grendamøte for rullering av kommunedelplanane i Gulen. Den 25. mars møtte ca. 30 interesserte opp for å få nærare opplysningar i høve til planoppstart av delplanen Steine Sløvåg Skipavika.

Planprogrammet vart drøfta som presentasjon ved foredragshaldar Frank van den Ring, nyttilsett plankonsulent i Gulen kommune. Han gav utgreiingar om planprosess og utvida planavgrensing. Innspel vart òg teke imot. Det var stor interesse for utvikling av fleirbrukshall i Steinsvågen, bustadfelt i nærleik av arbeidsplass, næringshage i Sløvåg, mm. Oppsummering av innspela kan du finne på heimesida vår under Organisasjon – Planar.

### Tiltak:

Rullering av dagens kommunedelplan for Steine Sløvåg 1993, oppdatert i 1997.  
Oppdatering av areal basert på dagens Plan og bygningslov 2008.

### Vidare planlegging:

- høringsfrist for fyrste innspelrunde 23.04.10
- fyrste planforslag i desember 2010
- planvedtak i februar 2011

## Vårteljing av hjort på innmark i Gulen

Det vert føreteke hjorteteljing tre fredagskveldar, 9. april, 23. april og 7. mai, i tidsrommet mellom kl. 23.00–02.00.

Ved hjelp av ein handhalden ljuskastar lyser ein opp teigen, tel hjorten som beiter der og noterer dette på vedlagt skjema.

Ein nyttar offentlege vegar der ein kan. I nokre tilfelle vert det naudsynt å køyre på private vegar og kanskje inn på tunet til nokre av gardane for å kome til teigane med bil.

## Årsmøte i Gulen Hjorteutval

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Gulen Hjorteutval i Grendahuset Gulatun på Oppdalsøyra torsdag 6. mai kl. 20.00.

I tillegg til faste årsmøtesaker kjem Arve Aarhus frå hjortesenteret.

Aarhus vil snakke litt om merkeprosjektet, foring av hjort om vinteren, jaktidspunkt, konsekvensen av utskytning av storbukkane m.m.

Møtet er ope for alle interesserte.

Normann Grimen  
Leiar Gulen hjorteutval

## Merkeprosjektet for Hjort

Det er no merka tre koller på Steine i Gulen. Alle har GPS-sendar og dei har fått nummer 20, 21 og 22.

Dei merka dyra er to ungvoller som ikkje hadde kalva før, og ei eldre kolle som hadde kalv med seg.

Bevegelsemønsteret til desse 3 dyra kan du følgje ved å logge deg inn på [www.hordahjort.no](http://www.hordahjort.no)

### Observasjonar av GPS-dyr

Prosjektet er avhengig av eit godt samarbeid med jegerar, grunneigarar og andre interesserte. Dersom det vert observert eit merka dyr med GPS-halsband så ynskjer vi informasjon om dette ved å sende e-post til [post@hordahjort.no](mailto:post@hordahjort.no), eller sms til 404 80 203. Ved jakta 2010 ber vi om at GPS-dyra blir sparde.

## Ny Landbruksvikar

I slutten av mars vart det tilsett ny landbruksvikar for Høyanger sørside og Gulen. Den nye landbruksvikaren heiter Arne Valstad. Valstad er frå Steinkjer. Han har lang erfaring innan landbruk, og i tillegg arbeid som tømrar og murar.

Tilbod om bruk av landbruksvikaren gjeld om ein er medlem i Avløysarlaget eller ikkje.

Ein kan tinga landbruksvikaren ved å ringje vakttelefonen: 941 52 022 eller på kontor: 57 73 31 34.

Det er viktig å halde landbruksvikaren i arbeid. Sjukdom vert prioritert framfor ferie og fritidsavløysing. Har ein landbruksvikaren på garden og er sjølv vekke på ferie, så skal ein finne ei ordning. Den nye landbruksvikaren er ein trivelig og arbeidsglad kar. Vi reknar med at ryktet vil gå føre han.

Det vil koste kr 1 200,- + mva pr. dag ved sjukdomsavløysing. Ved sjukdomsavløysing kan ein få refundert maks kr 1 200,-. Avløysing ved ferie og fritid har vi sett til kr 1 370,- (+ kr 200,- for helg) + mva pr. dag.



## Vårrydding i Gulen

**Laurdag 8. mai:** Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen nord for tunnel v/Leversund bru, Leversund - Austgulen.

**Laurdag 15. mai:** Gulen sør for tunnel v/Leversund bru, Ynnesdalen, Masfjorden unnateke Andvik – Andås. Vår- og haustrydderutene kan nyttast til å levera avfall som metall, trevirke (både reint og trykkimpregnert), klede, isolerglass, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk (EE) avfall som kuldemøblar, kvitevarer, støvsugarar, kablar og leidningar, panelomnar, armatur, osb.

### Henterute for farleg avfall

#### **NB! Krav om personleg oppmøte.**

Døme på farleg avfall kan vere: Alle typar kjemikaliar, olje, maling, lim, lysstoffør og lyspærer, batteri, osb.

#### **Gulen Ytre onsdag 5. mai**

13.30–14.30 Eivindvik (v/kommunehuset)  
14.30–15.00 Eivindvik (hurtigbåtkaia)  
15.30–15.45 Dingja  
16.30–17.00 Rutledalen (ferjekaia)  
17.30–18.00 Nordgulen (i krysset)  
18.30–19.00 Dalsøyra (kraftlaget)  
19.45–20.30 Steine (v/postterminal)

#### **Gulen Indre laurdag 8. mai**

12.00–13.00 Brekke (ferjekaia)  
13.30–14.00 Oppedal (ferjekaia)

### Ny plankonsulent i Gulen kommune

Frank van den Ring er tilsett som ny plankonsulent. Han tok til i stillinga 1. januar.

Han er å treffe på 57 78 20 46.  
Vi ynskjer han hjarteleg velkomen!



### Hjarteleg takk

Langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Astrid Kjellebold sin bortgang. Hjarteleg takk.

Kreftomsorga i Gulen vil med dette få takke for minnegåva etter Olav Straume sin bortgang. Hjarteleg takk.

Mvh  
Ressursspl. i kreftomsorg Linda Hantveit  
Einingsleiar Nina H. Sleire

## Har du ein gamal robåt i tre som tek opp plass i naustet??

Ved Dementavdelinga ved Gulen sjukeheim har vi ei gruppe av tilsette som jobbar med å lage ein SANSEHAGE.

Her skal pasientane finne att ting som vekker sansane, ting dei kjenner att frå tidlegare i livet. Dette vil hjelpe dei å minnst si historie.

Sansehagen er todelt. Det er utgang direkte frå stova vår, og på sikt skal den innehalde eit lite reiskapshus m/vedsjul, mjølkerampe, slipestein, robåt som ligg ved "kai", og gode gang-stiar som gjer det lett å komme seg fram. Det er utarbeida teikningar over området, og i fjor begynte vi på hagedelen som vil vere på vestsida av sjukeheimen. Her er det planta hekk og laga blomsterbed. Det er i tillegg planlagt ein stor platning/veranda der vi kan sitje og nyte sommaren, i tillegg til ein gangsti med møte-/sitjeplassar.

I dette høvet er vi på jakt etter ein gamal robåt, slipestein og evt materieale som kan brukast til bygging.

Har du høve til å hjelpe oss med noko av det som står på ynskjelista, blir vi svært takksame! Har du lyst å jobbe dugnad når vi kjem i gang med arbeidet, blir du teken godt imot. Meld deg på!

Me har ikkje høve til å ta imot ting før dei skal på plass, men tek då kontakt med dei som ynskjer gje noko til dette føremålet.

Det kjem teikningar av hagen på Gulen kommune si heimeside.

Ta kontakt med Vivian Våge  
Tlf: 57 78 16 30 (jobb) eller mobil: 926 22 607.

På førehand takk!

### PU-tenesta

Hei. Vi på Dalsøyra PU senter, ynskjer å lage eit fellesrom der vi kan ha felles aktivitetar. Med det tenkjer vi på ulike spel, musikk, filmar, hobbyaktivitetar, kafékrok m.m. Er det nokon i Gulen som kan gje eller hjelpe oss med ting vi kan nytte til dette førermålet, til dømes ein sofa, fjernsyn, kaffitraktar og liknande som vi treng?

Kontaktpersonar:  
Bjørge J. Haugland 480 01 126  
Mariann Jørgensen 924 04 401

## Demensteamet Brukarundersøking

I oktober 2009 hadde Demensteamet fungert i eit år. I samband med det, laga vi ei enkel brukarundersøking for dette første året. Den var retta mot pårørande, for å finne ut kva dei var nøgde med, kva dei sakna, korleis dei hadde fått kjennskap til Demensteamet og om kontakten hadde vore av interesse for brukaren, pårørande og deira omsorg for brukaren.

Her er eit lite resymé av hovudpunkt og resultat:

Av 11 utsende skjema svarte 11 (100 %).

Heimebesøket, tilbakemeldinga etter heimebesøket, og tilrettelegginga i etterkant:

- 73% syntes det var positivt
- 18 % hadde ikkje svart på spørsmålet
- 9 % hadde ikkje hatt heimebesøk

Korleis dei hadde komme i kontakt med Demensteamet:

- 46 % via pleiepersonell
- 36 % via fastlege
- 9 % via eigen kjennskap til Demensteamet
- 9 % hadde ikkje svart på spørsmålet

Om kontakten med Demensteamet hadde vore av interesse for brukaren, pårørande og deira omsorg for brukaren:

- 73 % svarte ja
- 18 % hadde ikkje svart på spørsmålet
- 9 % visste ikkje

Andre, ulike, opplista tiltak pårørande syntes det var viktig at Demensteamet jobba med (sjå diagram til høgre):

### Tiltaka, presisert:

1. Pårørande treff/ samtalegruppe.
2. Meir kunnskap om demenssjukdom.
3. Dagtilbod.
4. Praktiske råd og tips om offentlege hjelpeordningar.
5. Idéar til meningsfullt samvær med personar med demens.
6. Vaktordning. Viss du skal ut ein kveld eller dag, kan du ringe til nokon som kan komme heim til deg for å vere saman med din pårørande som er dement.
7. Lære meir om god samhandling med personar med demens.

Demensteamet  
Miek Norman og Oddny Trædal

## Dette skjer i kyrkja



**25. april kl. 11.00:**  
Gudsteneste i Brekke kyrkje

**2. mai kl. 11.00:**  
Konfirmasjonsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

**9. mai kl. 11.30:**  
Konfirmasjonsgudsteneste i Mjømna kyrkje

**13. mai kl. 11.00:**  
Konfirmasjonsgudsteneste i Brekke kyrkje

**16. mai kl. 11.00:**  
Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

**17. mai kl. 11.00:**  
Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

**23. mai kl. 12.00:**  
Festgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

**24. mai kl. 11.00:**  
Høgtidsgudsteneste i Mjømna kyrkje

**30. mai kl. 11.00:**  
Gudsteneste i Brekke kyrkje

**6. juni kl. 11.00:**  
Gudsteneste i Mjømna kyrkje

### Bremnes kantori til Gulen

Helga 29–30. mai kjem Bremnes kantori til Gulen. Leiar for koret er den utflytta gulingen, Jostein Molde. Saman med Gulen og Brekke kyrkjesonggruppe vil koret ha ein musikkandakt i Gulen kyrkje, Eivindvik, laurdag 29. mai kl. 18.30. Sundag 30. mai deltek koret på gudsteneste i Brekke kyrkje kl. 11.00.

